

**TILBOD OM KURS:**  
**«Syng saman – vår lokale barnesongtradisjon»**

**Bakgrunn:** I Nordhordland har me gjennom fleire hundre år utvikla ein rik songtradisjon. Denne var ein viktig del av den gamle bondekulturen vår; både i arbeid og høgtid. Songane vart overlevert munnleg frå ein generasjon til neste fram til moderne maskiner overtok i arbeidet på gardane og teknologiske nyvinningar overtok underhaldninga til menneska. Songen mista sin funksjon og stod i fare for å døy ut saman med dei som kunne den. Lukkelegvis har fleire innsamlarar av folkemusikk reist rundt i regionen vår til ulike tider og dokumentert den rike kulturarven. Dette materialet syner at den lokale folkesongtradisjonen vår er ei rik kjelde til utvikling av kunnskap om vår lokale kulturarv og den inviterer til refleksjon kring fortid og notid, samstundes som den også er ei kjelde til estetiske opplevingar. Songane er ein viktig del av det kulturelle mangfaldet og ei rik kjelde til utvikling av barn og unge si kulturforståing og identitet. Me ynskjer med dette å invitere alle som arbeider med born og unge eller som elles har interesse for den lokale barnesongtradisjonen vår til kurs, slik at born og unge i Nordhordlandskommunane kan verta kjende med si lokale, klingande kulturarv.

**For kven:** Barnehagelærarar og lærarar på småtrinnet, samt småbarnsforeldre, besteforeldre og andre som er interesserte i den lokale barnesongtradisjonen.

**Innhald:** Det vert gjennomført 3 kurskveldar over tre veker, kvar på 3 undervisningstimar (totalt 9 undervisningstimar). På desse kurskveldane vert songar og historiar kring desse gjennomgått grundig. Undervisninga vil føregå etter den gamle læremeistertradisjonen, der elevane lærer gjennom lytting og imitasjon av læraren. Det vil verta utdelt tekstar/notar, samt songane vert innspelt og gjort tilgjengeleg for deltakarane digitalt/på CD i etterkant av kurset.

**Tid:** Det er høve til å velgja mellom tre ulike kurs hausten 2018:

**Kurs 1:** Torsdag 13., 20. og 27.september kl.18.30 – 21.00.

**Kurs 2:** Torsdag 4., 18. og 25.oktober kl.18.30 – 21.00.

**Kurs 3:** Torsdag 8., 15. og 22.november kl.18.30 – 21.00.

**Stad:** Ein sentral stad i Knarvik. (Informasjon om dette vert sendt ut før oppstart av kurs).

**Pris:** 300 kr per person.

**Kursleiarar:** Kjersti Wiik og Linda Røyseth Sandhåland. Begge har lang røynsle frå arbeid med formidling av vokal folkemusikk som utøvarar og pedagogar i kulturskule, barnehagar, grunnskulen, folkehøgskule, kursverksemd i Musikk frå livets begynnelse og meir. Wiik er utdanna musikk lærar frå Bergen Lærarhøgskule og har hovudfag i klassisk song frå Griegakademiet i Bergen. Ho har drive innsamling av vokal folkemusikk i Nordhordland, og har fleire plateutgjevingar bak seg. Wiik har turnert som songar og folkesongar i inn- og utland, mellom anna har ho turnert i barnehagar og skular med folkesongar. Sandhåland er utdanna folkesongar, song- og musikkpedagog og logoped frå Høgskolen i Telemark, Ole Bull Akademiet på Voss og Universitetet i Bergen. Ho har fordjupa seg i den vokale folkemusikken frå kysten av Hordaland. Begge har motteke stipend og prisar for sitt arbeid.

**Påmeldingsfrist:** 03.09.18. Påmelding til:

Kjersti Wiik ([post@kjerstiwiiik.no](mailto:post@kjerstiwiiik.no), mobil: 926 63 920) eller Linda Røyseth Sandhåland ([linda.royseth@online.no](mailto:linda.royseth@online.no), mobil: 952 07 796). **Hugs å skriva kva kurs du ynskjer å delta på!**